



VESTLAND ARBEIDARPARTI

BY OG LAND – HAND I HAND

HANDLINGSPLAN

HANDLINGSPLAN

Hordaland og Sogn og Fjordane Arbeidarparti slår seg saman til Vestland Arbeidarparti.

Dei viktigaste oppgåvene det neste året er:

- Vinne kommune- og fylkestingsvalet
- Byggje ein sterk og samansveisa organisasjon

Fokusområder:


- Valkampførebuing og gjennomføring av valkampen
- Politikktvikling
- Rekruttering

Satsingsprosjekt:

- Digital valkamp
- Intern kommunikasjon
- Skulering

Styret har ansvar for konkretisering og gjennomføring av handlingsplanen.

Årshjul for valgåret



ORGANISASJONSSTRUKTUR

Det nye Vestland vert eit stort fylke med store avstandar. Difor må det nye fylkespartiet ha ein organisasjonsstruktur som er tilpassa dette samstundes som ein sikrar god kontakt innad i partiet. Det skal framleis vere kontor i Bergen og Førde.

Organisering av Vestland Arbeidarparti (Sjå vedtekter):

- Styret skal ha 9 medlemmer + 3 vara
- Representantskapet skal ha 100 delegatar +9 i frå AUF
- Årsmøtet skal ha 150 delegatar + 9 i frå AUF.
- Alle kommuneparti vert sikra ein delegat på årsmøtet og i representantskapet. Resten av delegatane vert fordelt etter medlemstal slik at laga også vert sikra representasjon ut i frå størrelse. Fjorårets medlemstal vert lagt til grunn for utrekninga.
- Hordaland Arbeidarparti har hatt regionsutval som består av representantar for kommunepartia i regionen.
- Organisasjons- og vedtektsutvalet foreslår at ein opprettar møtereionar i Vestland Arbeidarparti for å ha arenaer der ein kan møtast jamnleg for skulering, informasjonsutveksling og drøfting av aktuelle saker. Møtereionane skal ikkje gjere vedtak for det skal gå igjennom kommunepartia. På regionmøta kan kommunepartia også møte medlemmer av fylkestinget, stortingsgruppa, styret og partikontora møte å sikre god dialog i partiorganisasjonen.

Forslag til inndeling:

Nordhordland: Alver, Osterøy, Masfjorden, Fedje, Austrheim, Gulen.

Sunnhordland: Sveio, Bømlø, Stord, Tysnes, Fitjar, Kvinnherad, Etne

Indre Hordaland: Voss, Kvam, Ulvik, Eidfjord, Ullensvang.

Bergen og Omland: Bergen, Askøy, Øygarden, Vaksdal, Samnanger, Bjørnafjorden, Austevoll.

Ytre Sogn, Nordfjord og Sunnfjord: Kinn, Bremanger, Sunnfjord, Hyllestad, Fjaler, Askvoll, Solund, Stad, Gloppen, Stryn,

Sogn: Aurland, Årdal, Luster, Sogndal, Vik, Lærdal, Høyanger.

Organisasjonsutvalet foreslår også at det nye fylkespartiet etablerer gode rutinar for interkommunikasjon og langsiktig planlegging med for eksempel forankring av årshjul eit år fram.

Fakta om Vestland Arbeidarparti

5686 medlemmer

42 kommuneparti

Kontor i Bergen og i Førde

Tilsette:

Monica Oppdal, Anders K. Tangerås, Stig Morten Frøiland, Elisabeth Refvik og Ronja Breisnes

TIDSPLAN

2019

Januar

- 7.-8. Januar Felles ordførarsamling i Oslo
- 26.-27. Januar Felles program- og nominasjonsmøte. Førde.

Februar

- 15.-17. Februar Felles styremøte Hordaland og Sogn og Fjordane
- 16.-17. Februar Toppkandidatskuling. Felles med Hordaland og S&F

Mars

- 2.-3. Mars Fylkesårsmøte Hordaland/Sogn og Fjordane

Mars

- Skulering av listekandidatar og frivillige
- Valkampsamling i regionane

April

- 3.-7. April Landsmøte (mv)
- Styremøte før landsmøtet
- Valkampsamling i regionane
- Samling fylke listekandidatar

29. april – 12. Mai

- Vårkampanje

Mai

29. april – 12. Mai

- Vårkampanje

Juni

- 15.-16. juni Styremøte(helg)

Juli

27. juli Valgkampstart sentralt (sommerturné)

August

27. august Styremøte. Videoonmøte.

September

9. september Valgdag

17. september Styremøte. Videomøte

Oktober

Haust «Lederutvikling», sentralt oppstart haust
«Kvinne på topp», sentralt oppstart haust

19.-20. oktober Styremøte
(Handlingsplan 2020)

20.-21. Oktober Representantskap

November

Skulering av nye kommunestyregrupper. Regionsvis
Leiarskulering
Kurs for nye medlemmer

2020

10.- 11. januar Styresamling.

ORGANISASJONS- OG MØTEKULTUR

Organisasjonskultur:

Det skal vere kjekt og meningsfullt å vere aktiv i Arbeidarpartiet. Det skal vere rom for ulike interesser og aktivitetsnivå. Alle skal bli sett og høyrte, og få moglegheit til å utvikle seg. Møte med veljarane er vår viktigaste oppgåve. Vi skal møte kvarandre med respekt og vere eit føregangsparti når det gjeld likestilling i samfunnet.

- Prioritere politikken og møte med folk
- Open organisasjon
- Godt kameratskap
- Glød og engasjement
- Takhøgde og respekt



Møtekultur:

Arbeidarpartiet må alltid rekruttere nye medlemmer og ta godt imot dei som vil engasjere seg. Like viktig er det å halde på dei medlemmane vi har. Skal vi lukkast med det må vi arrangere gode møter som er meningsfulle.

- Alle møte skal ha eit mål og ei hensikt. Det skal vere meningsfullt å delta.
- Det sosiale er viktig.
- Alle må kunne seie si mening. Diskusjon i små og store fora.
- Møte bør ha både start- og sluttid.
- Fleire møte med folk utanfor partiet. Gjennomføre møte med andre organisasjonar og aktørar. Vi treng fleire impulsar
- Test ut videomøte!
- Seinke terskelen for deltaking og prøve ut nye møteplassar.
- Halde fram debatten på Facebook. Legg til rette for deltaking for dei som ikkje kjem på møte, til dømes via Facebook. Alle skal med!



ORGANISASJONSUTTALE

Vestland Arbeidarparti skal vere den største politiske krafta på Vestlandet. Arbeidarpartiet vil ta leiinga i arbeidet med å byggje sterke byar og lokalsamfunn med arbeid til alle, små skilnader og meir fellesskap. Dei store utfordringane skal vi møte i fellesskap, fordi alle skal ha dei same moglegheitene til å leve gode liv på Vestlandet.

Vestland Arbeidarparti skal ha ein raus og god partikultur der det er lagt til rette for at vi alle skal prestere og vinne i fellesskap. Vi skal ha kvalitet i arbeidet vårt, vi skal vere ærlege og ha takhøgd for usemje. Gjennom gode relasjonar skal vi gjennomføre det vi er samde om. I Arbeidarpartiet skal vi ha stort engasjement og ambisjonar om å vere ein organisasjon som vinn val og som styrer by og land.

1. Vi skal vere den største politiske krafta på Vestlandet, og vere ein organisasjon som vinn val og som styrer by og land.
2. Vi må dyrke den ideologiske politiske diskusjonen om sosialdemokratiet i det 21. hundreåret, både nasjonalt og internasjonalt
3. Vi må vere tett på innbyggjarar, næringsliv og organisasjonar. Vi skal vere tett på fagrørsla og finne felles prosjekt.
4. Vi må opne partiet: låg terskelfor å ta del i valkamp, politikktvikling og organisasjonsarbeid
5. Vi må ha tydelege politiske prosjekt lokalt inn mot kommune- og fylkestingsvalet i 2019 og nasjonalt inn mot stortingsvalet i 2021.
6. Vi må vere strategiske: dyrke sentrum-venstre, isolere høgrekreftene, både lokalt og nasjonalt.
7. Vi må ha ein raus og god organisasjonskultur som skaper vinnar- og prestasjonskultur
8. Vi må vere endringsvillige: samfunnet er i utvikling og vi må tilpasse oss.
9. Vi må styrke arbeidet med rekruttering, oppfølging av medlemmer og engasjere fleire medlemmer. Styrke rekruttering av kvinner og sikre mangfold og representasjon i fra alle deler av befolkningen.
10. Vi må bli betre på skulering av medlemmer, tillitsvalde og folkevalde.
11. Vi må fornye møteformene våre, seinke terskelen for deltaking og prøve ut nye møteplassar.